Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. 36 | Herad: Seljord

Emne: Måter å refse folk på | Bygdelag: Langlim

Oppskr. av: O. Bakken. | Gard: Bakken

(adresse): Langlim, Flatdal | G.nr. 114 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I visse høve kunne grannane få sagt ei misnøgje med nokre råkande ord.
Ein slåttekar i Skoredalen som slo noko uvandt og stygt – fekk desse hådordi slengt etter seg: „Har du vore hær!"

Å „øve folk" var ein måte for refsing. Var det nokon som i sær ungdomen hadde vorte fornarma på, lags det alltid til spilopper med slike. Fekk dei så vedkomande sinna og fluge etter seg, var det ikkje ende på øvingi. Dei kunne steine litt huset, eller sleppe ut grisen, eller låte noko reint galt – og så hadde ein sirkuset gåande. Hadde dei så spent ei snor litt over marki og det var mørkt, så dei rulla i søyla, auka det støtt effekten, og det vart omrødt lenge.

4. Vitja dei seg joledagen, så var dei jolestjer. – Å ja dei tala også om å vera „andagsjer" og „snikar". –

5. Då kom jolegeiti å tok dei, dersom dei ikkje fekk aller så lite nytt.

6. Ein draghal, ein vimur, ei uskebrugde

20/4-1953. O.B.

7818